

EØS og straumprisane

Dei fleste meiner at norsk tilknytning til EU sitt energibyrå ACER, gir høgare straumprisar i Noreg. Det viste ei meningsmåling i januar. Men er det slik?

Både nei og ja. Nei, fordi det er ikkje ACER som bestemmer straumprisen direkte. Men ja; fordi ACER legg systematisk til rette for at marknaden skal styre alt og at straumen skal flyte fritt. Spesielt for Noreg betyr dette dyrare straum.

Straumen blir dyrare som følge av nye utanlandskablar og eit marknadsstyrt prissystem. Dei nye utanlandskablane, gjer at det ikkje lenger er den tradisjonelle kraftutvekslinga som gjeld, men ein uavgrensa krafteksport, noko som inneber import av kontinentale og britiske straumprisar.

Dette inneber stor økonomisk vinst for kraftprodusentane og økonomiske problem for både forbrukarar flest, men også for mange arbeidsplassar/bedrifter (slett ik-



kje lenger berre kraftkrevjande industri).

EU sin 3. energipakke, gjorde det vanskelegare å regulere krafteksporten. Det ser ut til at energipakke 4 kan lage eit nettsystem, der kapasitetsavgrensingar skal gjerast så vanskeleg som mogleg. Nasjonal politisk kontroll blir då sett endå meir til sides.

Då EØS-avtalen blei inngått tidleg på 90-talet, var det mange EØS-motstandarar som åtvara om at EØS-avtalen også

ville påverke norsk energipolitikk. Olje- og energidepartementet svara då at «Forvaltningen av norske energiresurser og hovedtrekkene i vår energipolitikk endres ikke som følge av EØS-avtalen.»

Kven snakka sant den gongen, og kven snakkar sant no?

*Sogn og Fjordane Nei til EU
Ingunn Kandal, leiar*

Bilde som lyg skal no merkast

Reklamebransjens retusjerte bilde av modellar med smale midjer, muskuløse kroppar og plettfri hud, bidrar til auka kroppspress og usunne ideal. Det bidrar til å gi barn og unge eit dårleg sjølvbilde gjennom å skapa venleiksideal som er falske og redigerte. Det er derfor ein gledas dag at regjeringa frå 1. juli innfører krav om at retusjerte bilde må merkast.

Barn og unge veks opp i ein digital tidsalder der sosiale me-

dium og stor tilgang til informasjon gjer dei særleg utsett for press, reklame og uønskt marknadsføring. Det stadig aukande reklamepresset påverkar forventningane til barn og unge til korleis dei faktisk skal, og bør, sjå ut.

Når ein ikkje lenger kan skilja mellom kva som er redigerte eller ikkje, kan dette skapa eit falskt bilde av kva som er ein normal kropp. Dette fører til at unge føler misnøye med eigen

kropp, som igjen bidrar til å skapa dårleg sjølvbilde og psykiske problem.

Arbeidarpartiet meiner det er alvorleg at barn og unge blir psykisk sjuke eller får andre plager som følge av opplevinga av ikkje å leva opp til venleiksideal frå reklameindustrien. For samtidig veit vi at retusjerte bilde er heilt vanleg i reklamebransjen. Gjennom nokre få tastetrykk redigerast reklamebilde til det ugjenkjennelege,

med teknologisom er så god at det nærast er umogleg å skilja mellom kva som er ekte og kva som er falskt.

Dei skadelege effektane som det kommersielle marknadsføringspresset har på barn og unge må takast på alvor og eg er derfor glad for at regjeringa 1. juli innfører eit påbod om å merka retusjert reklame. Dette vil gjera barn og unge oppmerksame på at personar i reklamar er fiksa på, og dermed

ikkje gjenspeglar korleis dei ser ut i verkelegheita. Eit viktig tiltak i arbeidet for å hindra kroppspress og usunne skjønnhetsideal.

*Av stortingsrepresentant for
Arbeiderpartiet, Åse Kristin Ask
Bakke, medlem av familie- og
kulturkomiteen*

Vegen ut av uføret

På fylkestinget i juni fekk Raudt vedteke ei oppmoding til regjering og Storting om ei sentral storsatsing på fylkesvegnettet. Bakgrunnen er at dei økonomiske tilbakeføringane frå staten si side er totalt utilstrekkelege. Dette fekk vi til, trass i at Raudt-gruppa er berre 2 av 65 representantar!

Frå Raudt si side er det ikkje snakk om at kvar einaste fylkesveg-meter skal ha gul midtstripe og breidde/standard som sløsar med matjord og andre grønne areal. Frå vår side gjeld det å få økonomi til å gjere noko med det gigantiske etterslepet når det gjeld nødvendig standard, sikkerheit mot ras/skred, tunellstandard, sikt lengde m.m.

Staten skubba i 2010 ansvaret for ein større del av vegnettet over på fylkeskommunane. Det var smart; for no blir distrikta, kommunane og bygdene sin harme over vegstandard, retta mot fylkespolitikarar som er prisgitt dei mangelfulle økonomiske tilbakeføringane frå staten.

Det er derfor skuffande at Raudt ikkje fekk fylkestinget med på å få vurdert ansvaret for nokre prioriterte



vegstrekingar tilbakeført til staten. Forslaget vårt fekk berre tre røyster; trass i at det her kunne vere snakk om strekningar der staten har økonomi til det og sjølv burde ha ansvaret.

Gloppen tok til motmæle

Parallelt med at fylkestinget på denne måten fritek staten, har det i den fylkeskommunale utgreiinga om regional transportplan, blitt teke til orde for å overføre vegansvar frå fylkeskommunen til kommunane. Det er ein parallell til det vi kritiserer staten for, når staten skubbar sitt ansvar over på fyl-

keskommunane. Raudt ser at Gloppen kommune tok til motmæle mot den fylkeskommunale ansvarsfraskrivning og håpar fleire kommunar er vakne.

Elles konstaterer Raudt emanglande vilje til å støtte våre forslag mot bompengefinansiering og samfinansiering (det siste berre eit finare ord). Raudt meiner at også vegbygging og vegutbetring er offentlege oppgåver som skal finansierast gjennom skattar, der dei rike skal betale mest. Dei låge stemmetala Raudt fekk på sitt forslag mot sam- og bompengefinansiering, tyder på at både utbetring av farlege punkt på Fv 615 Sandane-Storbru og på Fv55 Vadheim-Innlandet grense, og bru over Esefjorden, blir sosialt urettferdig. Så lenge staten ikkje betalar ein større del av fylkesvegsatsinga, blir slike viktige prosjekt skubba ut i tid. Slik vil ikkje Raudt ha det. Vi må ut av uføret. Dei rike må betale! Fleirtalet i dette landet har nok med straumprisane, auka drivstoffkostnader og renteauken.

*Nestleiar i Raudt Sogn
og Fjordane, Rita Tonning*

Statsforvaltaren må føre tilsyn med betaling for transport til og frå avlastning

Autismeforeningen i Sogn og Fjordane har merka seg at både i Sogn og Fjordane og elles i landet er det ulik praksis rundt betaling for transport til og frå avlastning.

FFOs rettighetssenter og Handikappede Barns Foreldreforening viser til helse- og omsorgstjenestelovens § 3-6 om kommunen si plikt til å ha tilbod om pårørandestøtte, mellom anna avlastning. Avlastning er ei ordning som har røter attende til gamal sosiallovgiEVnad og prinsippet er at slik avlastning skal vere vederlagsfri. I rundskriv I-1/94 (om avlastningstiltak) heiter det at «tjenesten omfatter også ledsager, transport, mat og lignende». I eit brev frå tidlegare Sosial- og helsedepartementet til Alstahaug kommune heiter det at «dette skal forstås slik at avlastningstiltak skal inneholde transport til og fra hjem/avlastningshjem, ledsager og mat i de tilfellene det er behov for det».

Likevel opplever vi at fleire kommunar har lagt til

grunn i sine tjenestestandardar at omsorgsgjevar må betale for transporten til og frå avlastning. Dette utgjer ein betydeleg kostnad for mange av våre medlemmar. Samtidig er det det prinsipielle med lik praksis i kommunane som gjer at vi no ber Statsforvaltaren sjå på dette. Vi kan ikkje ha det slik at i nokon kommunar må omsorgsgjevarar betale og i andre kommunar ikkje.

Det er elles viktig å få avklaring rundt transport av hjelpemiddel til og frå avlastning og kven som skal ta den kostnaden. Mange er avhengige av å ha med seg hjelpemiddel når dei er på avlastning, og ein del av desse hjelpemidla kan vere nokså store. Vi meiner at prinsippet om vederlagsfri avlastning og transport også må gjelde her. Det kan ikkje vere slik at persontransporten er vederlagsfri, og så må omsorgsgjevarar likevel kome køyrande etter med hjelpemiddel.

*Gunn Sande, leiar i Autisme-
foreningen i Sogn og Fjordane*